NYTT FOR

VESTLANDSBONDEN

Mars 2018 • Nr. 1 • 3. Årgang

ÅRSMELDING 2017 NLR VEST SA
REKNESKAPSRAPPORT 2017
ORIENTERING OM ÅRSMØTET
FAGLEG AKTIVITET

Norsk Landbruksrådgiving Vest

PASSER TIL ALLE DRØVTYGGERE

Grovfôrmangel?

Gje dyra dine FiberMix med maxammonhavre

Vi oppgraderer no grovfôrerstattaren FiberMix til å innehalde høg andel fiberrik maxammonhavre.

FORDELAR:

- Alkalisk pH, grov struktur og høgt fiberinnhald sikrar godt vommiljø
- Positiv PBV er gunstig til seint hausta grovfôr
- Inneheld mineral og vitamin
- Koparnivå tilpassa sau langs norskekysten
- Kan gjeast i store mengder til både storfe, sau og geit
- Perfekt å kombinere med TopLac, Melketopp etc.

GODT GJORT ER BEDRE ENN GODT SAGT

FOR BESTILLING:
Tlf: 51 74 33 00
www.fiska.no

Fiskå Mølle

Riktig gjødsling betaler seg!

Hjelp til riktig gjødsling finner du i vår Produkt- og spredetabell på www.felleskjopet.no. Der kan du også lese om våre produkter og få råd til å velge riktig produkt til ditt bruk.

Felleskjøpet har kompetansen!

Kontakt Kundetjenesten, tlf. 03520,
en av våre fagkonsulenter/avdelinger/forhandlere
eller logg på **Min gård** på www.felleskjopet.no.

www.felleskjopet.no

Felleskjøpet

Fra i år tilbyr vi beitekalking med helikopter
Vi tilbyr magnesiumrike produkter som Agri Dol og Agri Dol Granulert
Ta kontakt med markedsansvarlig
Asbjørn Ramsli: 94 14 28 77
eller på e-post: asra@kalk.no
www.kalk.no
MILJØKALK
- Kalk siden 1919

sparebanken
sogn og fjordane
Den korte vegen til eigen bustad
Usikker på kor du skal starte?
Vi har erfarne rådgjevarar som gjerne vil hjelpe deg!
Prøv lånekalkulatoren vår og søk lån på
ssf.no/lanebustad eller ring 57 82 97 00

INNHALD

6	Årsmelding 2017 frå styret
8	Resultatrekneskap 2017
9	Balanse pr. 31. desember 2017
10	Notar
12	Medlemsorganisasjon, tillitsvalde, årsmøte
13	Utsendingar til årsmøtet
14	Innstilling frå Valnemnda
15	Fagleg aktivitet
27	Tilsette
28	Prisar for tenester 2018

ÅRSMELDING 2017 FRÅ STYRET I NLR VEST SA

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) Vest utviklar og leverer heilskapleg, kunnskapsbasert og uavhengig rådgjeving tilpassa landbruksnæringa sine behov. Fagkunnskap vert utvikla gjennom forsøksverksemd og prosjektarbeid. Kompetanse og ny kunnskap vert overført til medlemane gjennom kurs og fagmøte som NLR Vest arrangerer. NLR Vest sender ut elektroniske rådgjevingsmeldingar, og publiserer landbruksfaglege artiklar på internett, sosiale medium og i landbruksfaglege tidsskrift. NLR Vest tilbyr ulike tenester til landbruket og næringslivet elles, og legg vekt på å vere ein god samarbeidspartnar med andre landbruksorganisasjonar.

Organisasjon

NLR Vest SA er ei samyrkeverksemd som har hovudkontor på Sandane i Gloppen kommune. I tillegg har vi kontor i Ålesund, Ørsta, Fjaler, Leikanger, Voss, Fana, Øystese, Lofthus og Rosendal. Kontoret på Brekke vart lagt ned i 2017.
Medlemsdemokratiet er organisert i 11 krinsar, som vert samla til møte ein gong i året. På krinsmøta vert det orientert om drifta og møta vel utsendingar til årsmøtet.

NLR Vest hadde pr. 31.12.2017 3911 medlemar, ein nedgang på 66 frå førre årsskiftet.

Styret har i 2017 hatt 2 fysiske møte og 6 møte på Skype. Det er handsama 71 saker. Styret deltok på felles møte med dei tilsette 29.- 30. november. Dei viktigaste sakene har vore strategiplan, økonomi og rekneskap og organisering av NLR Vest.

Det faglege arbeidet i NLR Vest er organisert i tre faggrupper: jordbruk, hagebruk og HMS/Økonomi/Bygg, med kvar sin fagleiar.

Økonomisk utvikling og resultat

I driftsåret 2017 var samla omsetning til NLR Vest SA kr 30 111 594. Årsresultatet i 2017 vart eit underskot på kr 160 080. Ei årsak til det negative resultatet er at det i rekneskapsåret er gjort korrigeringar av tidlegare års rekneskapsføring på kr 815 259, samt ekstrakostnader knytt til datasystema for verksemda. Sjølve drifta av NLR Vest har såleis gått med overskot i 2017. Det er forventa eit overskot i drifta i 2018. Det vart ikkje investert i varige driftsmidlar i 2017. Totalkapitalen pr. 31.12.2017 var kr 13 102 592, og eigenkapitalen utgjer 39,7 % av totalkapitalen. Likviditeten er tilfredsstillande. Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av verksemda sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framleis drift

Styret meiner det er rett å leggje føresetnad om framleis drift av verksemda til grunn for avlegging av årsrekneskapen.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

For forskings- og utviklingsaktivitetar syner ein til meldingane frå faggruppene.

Arbeidsmiljø og personale

NLR Vest hadde ved utgangen av 2017, 33 fast tilsette og 3 tilsette på timebasis. Dei faste tilsette har stillingsprosentar som tilsvarar 26,6 årsverk.

Resultata etter ei medarbeidarundersøking hausten 2017 syner at det jamt over er god trivsel på arbeidsplassane. Medarbeidarane saknar noko kommunikasjon og samarbeid på tvers av faggruppene og kontor. Leiinga vil ha fokus på dette framover.

Fleire medarbeidarar, både kvinner og menn, har hatt foreldrepermisjon i samband med fødsel.

I perioden 01.01.2017 – 31.12.2017 har samla sjukefråvær vore 697 dagar, som utgjer 6,0 %. Korttidsfråværet er lågt og under 1,0 %. Styret vil følgje utviklinga framover.

NLR Vest vart i 2017 ei IA-verksemd. HMS-rådgjevar Charlotte Joys er verneombod i verksemda.

Nye medarbeidarar

NLR Vest har i 2017 tilsett Randi Hodnefjell i 100 % stilling ved kontoret i Ørsta og Ove Sørestrand i 100 % stilling ved kontoret på Fureneset i Fjaler. Begge arbeider som rådgjevarar med kompetanse på plantekultur og grovfôrdyrking.

Desse 3 gjekk av med pensjon i 2017. Frå venstre Magnus Skjerdal, Jorunn Ringheim Hernes får blomar av Liv Lyngstad og Astrid Sandvik har fått hesten i handa, og blei blei takka av Åse Leirgulen.

Pensjonistar

I 2017 gjekk desse medarbeidarane av med alderspensjon:

- Astrid Sandvik (50 % stilling), med kontorstad i Brekke i Gulen.
- Magnus Skjerdal (40 % stilling), med kontorstad i Ørsta.
- Jorunn Ringheim Hernes (30 % stilling), med kontorstad på Voss.

Vi takkar dei for god arbeidsinnsats. På tilstellingar i organisasjonen har dei fått blomar og gåve.

Likestilling

NLR Vest SA hadde ved utgangen av 2017, 36 tilsette. Av dei er 18 menn og 18 kvinner. Styret er samansett av 3 menn og 2 kvinner. Styret ser ikkje grunn for å setje i verk spesielle tiltak med omsyn på likestilling.

Ytre miljø

Styret vurderer at verksemda i dag skjer med liten risiko for forureining av det ytre miljø.

Disponering av resultat

Verksemda har i 2017 hatt eit underskot på kr 160 080.
Styret tilrår at underskotet vert dekka ved: Overføring frå annan eigenkapital kr 160 080.

Styret i 2017. Frå venstre: Helge E. Opedal, Stine Huseby, Sigurd Reksnes, Tore Fitjar, Ragnhild H. Eidså og Liv Lyngstad (dagleg leiar).

Resultatrekneskap for 2017

DRIFTSINNTEKTER	Note		2016		2017
Sal av varer		kr	1 667 794	kr	1 932 300
Sal av tenester		kr	7 717 559	kr	9 305 213
Medlemskontingent		kr	5 827 730	kr	5 979 645
Rammetilskot		kr	5 100 875	kr	5 406 537
Anna tilskot		kr	7 377 126	kr	7 165 987
Andre inntekter		kr	398 907	kr	321 912
SUM DRIFTSINNTEKTER		**kr**	**28 089 991**	**kr**	**30 111 594**
DRIFTSKOSTNADER					
Innkjøp av varer for vidaresal		kr	-1 545 801	kr	-1 455 170
Rådgjeving, forsøk, kurs, fagmøte, prosjekt		kr	-3 406 615	kr	-4 046 902
Lønskostnader	1,2,3	kr	-17 619 087	kr	-18 675 539
Kontorkostnader		kr	-2 552 236	kr	-2 584 676
Andre driftskostnader	4	kr	-3 514 188	kr	-3 504 893
Avskrivingar		kr	-44 110	kr	-43 595
SUM DRIFTSKOSTNADER		**kr**	**-28 682 037**	**kr**	**-30 310 775**
Driftsresultat før finans		**kr**	**-592 046**	**kr**	**-199 181**
Anna renteinntekt		kr	47 186	kr	54 367
Anna finansinntekt		kr	23 289	kr	6 100
Sum finansinntekter		**kr**	**70 475**	**kr**	**60 467**
Annan rentekostnad		kr	-3 281	kr	-427
Annan finanskostnad		kr	-5 910	kr	-13 124
Sum finanskostnader		**kr**	**-9 191**	**kr**	**-13 551**
Netto finans		**kr**	**61 284**	**kr**	**46 916**
Ordinært resultat før skattekostnad		**kr**	**-530 762**	**kr**	**-152 265**
Skattekostnad på ordinært resultat		kr	-8 040	kr	-7 815
Ordinært resultat		**kr**	**-538 802**	**kr**	**-160 080**
Årsresultat		**kr**	**-538 802**	**kr**	**-160 080**
OVERFØRINGAR					
Overføringar til/frå annan eigenkapital		kr	-538 802	kr	-160 080
Sum overføringar og disponeringar			**-538 802**		**-160 080**

Balanse pr. 31. desember 2017

EIGNELUTAR	Note		2016		2017
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	5	kr	118 490	kr	74 895
Sum varige driftsmidlar		**kr**	**118 490**	**kr**	**74 895**
AKSJAR OG ANDELAR		kr	1 000	kr	1 000
Sum finansielle anleggsmidlar		kr	1 000	kr	1 000
Sum anleggsmidlar		**kr**	**119 490**	**kr**	**75 895**
OMLØPSMIDLAR					
Varer		kr	25 891	kr	25 655
Sum varer		**kr**	**25 891**	**kr**	**26 655**
FORDRINGAR					
Kundefordringar	8	kr	7 815 774	kr	9 688 554
Andre fordringar		kr	3 702 734	kr	507 440
Sum fordringar		**kr**	**11 518 508**	**kr**	**10 195 994**
Bankinnskot, kontantar	9	kr	5 596 470	kr	2 805 048
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**kr**	**5 596 470**	**kr**	**2 805 048**
Sum omløpsmidlar		**kr**	**17 140 868**	**kr**	**13 026 697**
Sum eigendelar		**kr**	**17 260 358**	**kr**	**13 102 592**
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Eigenkapital	10	kr	5 366 178	kr	5 206 098
Sum eigenkapital		**kr**	**5 366 178**	**kr**	**5 206 098**
KORTSIKTIG GJELD					
Leverandørgjeld		kr	7 706 716	kr	2 719 808
Betalbar skatt	6	kr	8 040	kr	7 815
Skuldige offentlege avgifter		kr	2 052 791	kr	1 791 282
Anna kortsiktig gjeld		kr	2 126 632	kr	3 377 588
Sum kortsiktig gjeld		kr	11 894 179	kr	7 896 493
Sum gjeld		**kr**	**11 894 180**	**kr**	**7 896 493**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**kr**	**17 260 358**	**kr**	**13 102 592**

SANDANE 26.02.2018

Sigurd Erlend Reksnes
Styrets leder

Helge E. Opedal
Nestleder

Ragnhild H. Eidså
Styremedlem

Tore Sigurd Fitjar
Styremedlem

Stine Huseby
Styremedlem

Liv Signe Lyngstad
Daglig leder

Note 1 – Lønnskostnader etc.

Spesifikasjon av lønnskostnader	2017	2016
Lønn	15 216 372	14 308 213
Arbeidsgiveravgift	1 921 390	1 895 159
Pensjonskostnader	1 105 042	1 381 606
Andre relaterte ytingar / Refusjonar	432 735	34 108
Sum	**18 675 539**	**17 619 087**

Føretaket har sysselsett 26,6 årsverk i rekneskapsåret.

Note 2 – Obligatorisk tenestepensjon

Obligatorisk tenestepensjon

Føretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har etablert pensjonsordning som tilfredstiller krav i lova.

Note 3 – Yting til leiande personar

Type yting	Daglig leiar	Styre/tillitsvalde
Løn	746 832	173 350
Pensjonsutgifter		
Annen godtgjersle	64 007	
Honorar 2017 utbetalt i 2018		55 100

Note 4 – Revisjon

Revisjon og andre tenester

Kostnadsført revisjonshonorar for 2017 utgjer kr 112 094. Honorar for anna bistand utgjer kr 0.

Note 5 – Spesifikasjon av varige driftsmidlar

Spesifikasjon varige driftsmidlar	Driftslausøyre, innventar o.l.
Anskaffelseskost 01.01.2017	162 600
Tilgang i året	0
Avgang i året	0
Anskaffelseskost 31.12.2017	**162 600**
Akkumulerte av- og nedskr. 01.01.2017	(44 110)
Akkumulerte avskr. 31.12.2017	(87 705)
Balanseført verdi pr. 31.12.2017	**74 895**
Årets avskrivningar	(43 595)
Økonomisk levetid	2 - 4 år
Avskrivningsplan: Lineær	**25 - 50 %**

Note 6 – Skatt

Grunnlag for utrekning av skatt	2017	2016
Ordinært resultat før skattekostnad	(152 265)	(530 762)
+/- Permanente skilnader	855	
+/- Årets endring i midlertidige forskjeller	(26 369)	182 015
Årets skattegrunnlag	**(177 779)**	**(348 747)**
Formueskatt samvirkeføretak	7 815	8 040
Sum	7 815	8 040
Skattekostnad i resultatrekneskapen	**7 815**	**8 040**
Betalbar skatt i skattekostnad	7 815	8 040
Betalbar skatt i balansen	**7 815**	**8 040**

Note 7 – Midlertidige skilnader - Utsett skatt / skattefordel

Utsett skatt / utsett skattefordel i balansen blir avsett på grunnlag av skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i henhald til norsk rekneskapsstandard for skatt. Midlertidige skatteaukande og skattereduserande skilnader som kan utliknast, er nettoført.

Midlertidige skilnader knytt til:	01.01.2017	31.12.2017	Endring
Anleggsmidlar	4 670	(6 417)	11 087
Omløpsmidlar	(186 685)	(149 229)	(37 456)
Skattemessig framførbart underskot	(348 745)	(526 524)	177 779
Netto skilnader	(530 760)	(682 170)	151 410
Skattereduserande skilnader som ikkje kan utliknast	530 760	682 170	(151 410)
Sum midlertidige skilnader	0	0	0
Utsett skattefordel 31.12.17. basert på 23%	**0**	**0**	**0**

Ut frå forsiktigheitsomsyn blir utsett skattefordel på kr 156 899 ikkje balanseført.

Note 8 – Kundefordringar

Kundefordringar er vurdert til pålydande, nedskrivne med forventa tap på fordringar.

Spesifikasjon kundefordringar	2017	2016
Kundefordringar til pålydande	10 038 554	8 165 774
Avsett til dekning av usikre fordringar	(350 000)	(350 000)
Netto oppførte kundefordringar	**9 688 554**	**7 815 774**

Note 9 – Bankinnskot

I posten for bankinnskot inngår eigen konto for bundne skattetrekksmidlar med kr 658 463.
Skuldig skattetrekk er kr 657 542.

Note 10 – Eigenkapital

Spesifikasjon eigenkapital	Annen EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2017	5 366 178	5 366 178
Årets resultat	(160 080)	(160 080)
Egenkapital 31.12.2017	**5 206 098**	**5 206 098**

Medlemsorganisasjon, tillitsvalde, årsmøte og utsendingar

Tillitsvalde i 2017

Styret i NLR Vest SA har etter årsmøtet i 2017 vore:

Styreleiar:	Sigurd Reksnes, Eid
Nestleiar:	Helge E. Opedal, Ullensvang
Styremedlem:	Ragnhild H. Eidså, Vanylven
Styremedlem:	Tore Sigurd Fitjar, Fitjar
Styremedlem:	Stine Huseby, representant for medarbeidarane

Valnemnda for område sør har vore:

- Medlem: Knut Flatebø, Jondal
- Medlem: Knut Opedal, Ullensvang
- Medlem: Magnar Askeland, Meland
- Medlem: Halldis Øvstedal, Vaksdal
- Vara: Audun Gjerde, Radøy
- Vara: Magnus Opedal, Ullensvang

Valnemnd for område nord har vore:

- Medlem: Åslaug Stadheim Ese, Vik i Sogn
- Medlem: Svein Per Ervik, Selje
- Medlem: Ola Steinsvik, Volda
- Medlem: Arne Skaar, Haram
- Vara: Svein Helge Bringsvor, Sande
- Vara: Geir Ole Ervik, Selje

Valnemnd for årsmøtet har vore:

• Leiar:	Jon O. Nummedal, Vik i Sogn	Personleg vara:	Jarl Inge Haram, Haram
• Medlem:	Jørund Kvestad, Ullensvang	Personleg vara:	Ingrid Larssen Sekse, Ullensvang
• Medlem:	Tore Gjerstad, Lindås	Personleg vara:	Lars Inge Vik, Fusa

Årsmøtet

Årsmøtet i NLR Vest SA vert halde 20. mars 2018 kl. 10.30 på Thon Hotel Bergen Airport, Kokstad.

Saker som skal opp på årsmøtet er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2017 og revidert årsrekneskap 2017
4. Strategiplan 2018-2020 for NLR Vest
5. Medlemskontingent 2018
6. Budsjett og arbeidsplan for 2018
7. Vedtektsendringar
8. Gjennomføre val av
   a. Leiar for eitt år
   b. Styremedlemar for to år
   c. Tre varamedlemar i nummerrekkefølgje for eitt år
   d. Medlem i valnemnda for tre år.
   e. Personleg varamedlem for valnemnda for eitt år
   f. Revisor
9. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde etter tilråding frå valnemnda

Sakspapir er tilgjengeleg på nettsida til NLR Vest SA. Medlemane kan få tilsendt sakspapira ved å ta kontakt med administrasjonen. Medlemane kan kontakte årsmøteutsendingane om dei har spørsmål til sakene.

Utsendingar til årsmøtet

NLR Vest SA har ein medlemsorganisasjon med 11 krinsar. Medlemane vert kalla inn til krinsmøte som vel utsendingar til årsmøtet. I år vart krinsmøta haldne i perioden 7.- 28. februar. På møta vart det orientert om drifta i 2017 og om økonomien. Det blei og valt utsendingar til årsmøtet. I tillegg var det faglege innlegg.

I år vart desse valde som utsendingar til årsmøtet :

Krins nr.	Krinsnamn	Fornamn	Etternamn	På val	E-post	Mobilnr.	Post-nr	Poststad
1	Indre Hardanger	Ingrid Larssen	Sekse	2019	ingrid.sekse@gmail.com	992 78 028	5773	HOVLAND
1	Indre Hardanger	Sjur Ove	Svartveit	2020	sjur.ove@svartveit.no	908 48 850	5778	UTNE
2	Sunnhordland	Kjetil	Mehl	2019	kjmehl@online.no	980 64 163	5464	DIMMELSVIK
2	Sunnhordland	Tore Sigurd	Fitjar	2020	tore.fitjar@haugnett.no	952 77 201	5419	Fitjar
3	Ytre Midthordland	Jostein	Flagtvedt	2019	josfla@live.no	971 54 681	5286	HAUS
3	Ytre Midthordland	Olav	Botnevik	2020	obotnevi@online.no	924 60 307	5200	OS
4	Hardanger-Midthordland	Jan Gunnar	Vaage	2019	jgvaage@gmail.com	977 76 682	5652	ÅRLAND
4	Hardanger-Midthordland	Anders	Sæleset	2020	anders.saleset@gmail.com	908 12 560	5600	NORHEIMSUND
5	Indre Hordaland	Ole	Draugsvoll	2019	draugsv@online.no	911 79 664	5713	VOSSESTRAND
5	Indre Hordaland	Magnar	Nese	2020	magnanes@online.no	975 88 303	5728	EIDSLANDET
6	Nordhordland	Olav J.	Myhr	2019	olavjmyhr@gmail.com	911 76 011	5913	EIKANGERVÅG
6	Nordhordland	Arne Gunleiv	Haugsvær	2020	ar-gunle@online.no	913 36 619	5918	FREKHAUG
7	Ytre Sogn og Sunnfjord	Ørjar	Eiken	2019	oerjar@online.no	482 17 971	6967	Hellevik i Fjaler
7	Ytre Sogn og Sunnfjord	Bjarte	Myren	2020	myrebonden@gmail.com	957 65 371	5962	Bjordal
8	Indre Sogn	Eivind	Lidal	2019	post@djuvikcamping.no	911 41 878	6894	VANGSNES
8	Indre Sogn	Jon O	Nummedal	2020	jon.nummedal@sogn.no	481 05 377	6893	VIK I SOGN
8	Indre Sogn	Renate	Rendedal	2020	rendedal.renate@gmail.com	472 37 714	6899	BALESTRAND
9	Sunnfjord	Atle	Kringlen	2019	atle.kringlen@enivest.net	975 37 057	6817	Naustdal
9	Sunnfjord	Erlend	Fossen	2020	e_fossen@hotmail.com	992 26 575	6978	VIKSDALEN
9	Sunnfjord	Knut	Solheim	2020				
10	Nordfjord	Gunn	Sande	2019	guk-sand@online.no	905 27 745	6750	STADLANDET
10	Nordfjord	Tore	Drageset	2019	tore.drageset@enivest.net	997 03 852	6793	INNVIK
10	Nordfjord	John Elling	Vereide	2020	johnelling@enivest.net	920 82 529	6823	SANDANE
10	Nordfjord	Sigurd Erlend	Reksnes	2020	sigurd.erlend.reksnes@sfj.no	913 79 271	6770	NORDFJORDEID
11	Sunnmøre	Erlend	Koppen	2019	erlenkop@tussa.com	916 49 383	6133	LAUVSTAD
11	Sunnmøre	Kyrre	Rogne	2020	info@zinzino.com	900 18 496	6293	LONGVA

Innstilling frå Valnemnda

Til Årsmøtet i NLR Vest, 20. mars 2018

Valnemnda i NLR Vest for årsmøtet 2018 har vore:

Leiar: Jon Nummedal, Vik i Sogn
Medlem: Jørund Kvestad, Ullensvang
Medlem: Tore Gjerstad, Lindås

Valnemnda i NLR Vest hadde møte på Skype 5. januar og møte 2. februar 2018 på Kvam Fruktlager i Øystese, og kom fram til denne einstemmige innstillinga:

Forslag til leiar for eitt år : Sigurd Reksnes, Eid, attval

Forslag til styremedlem for to år: Knut Byrkjenes Hauso, Ullensvang, ny

Forslag til 1. vara for eitt år: John Elling Vereide, Gloppen, attval
Forslag til 2. vara for eitt år: Peder Nernæs, Kvam, ny
Forslag til 3. vara for eitt år: Ann Mari Bjørnøy, Haram, attval

Forslag til medlem i valnemnda for tre år: Jon Nummedal, Vik, attval

Forslag til personlege varamedlem for valnemnda, valde for eitt år: Jarl Inge Haram, Haram (for Jon Nummedal)
Ingrid Larssen Sekse, Ullensvang (for Jørund Kvestad)
Lars Inge Vik, Fusa (for Tore Gjerstad)

Forslag til revisor: Hardanger Revisjon, attval

Tilråding frå valnemnda som gjeld godtgjersle til tillitsvalde:

Årleg godtgjersle:

Styreleiar: kr 40 000,- pr. år (auke frå kr 35 000,-)
Nestleiar: kr 12 500,- pr. år (auke frå kr 10 000,-)
Styremedlemer: kr 5 000,- pr. år (same som no)

Godtgjersle per møtedag: kr 2 100,- (same som no)
Godtgjersle telefon-/skypemøte: kr 500,- (same som no)
Valnemnda får tilsvarande møtegodtgjersle om styret. (same som no)
Leiar i valnemnda får ei årleg godtgjersle på kr 5 000,-. (same som no)

For Valnemnda:

Jon Nummedal, Leiar
Øystese, 2.2. 2018

FAGLEG AKTIVITET I 2017

JORDBRUK

NLR Vest vart samla til ei eining i 2016. Året 2017 er første heile arbeidsåret i den nye einiga. I dette avsnittet vil de finne eit oversyn over aktiviteten i Jordbruksgruppa. Gruppa har 14 medarbeidarar. I tillegg arbeider to andre rådgjevarar delvis for Jordbruksgruppa.

Rådgjeving til medlemar

Høgsesongen for jordprøver er september – november. Det er ein hektisk periode. Samstundes får rådgjevarane nyttig kontakt med medlemane. Biletet er frå Flø, med fugleøya Runde i bakgrunnen.

Jordprøver og gjødslingsplanar

Uttak av jordprøver er framleis ein omfattande del av arbeidet, med høgsesong i september – november. Frå desember, og utover vinteren, er gjødslingsplanlegginga ei viktig oppgåve. Siste året er det teke om lag 2300 jordprøver, og laga 695 gjødslingsplanar. Dei fleste av medlemane har teke jordprøver mange gongar dei siste 30 åra. Gjødslingsplanen bør få ei grundig oppdatering kvart fjerde år. Dei mellomliggande åra kan brukarane sjølve ta den årlege oppdateringa.

Dyrking og drenering

Det har ikkje vore stor planleggingsaktivitet dei siste åra. I 2017 vart det gitt råd og laga planar for 21 i Hordaland, 2 i Sogn og Fjordane, og 3 på Sunnmøre.

NLR Surfôrtolken

NLR Surfôrtolken er eit lettfatteleg dataprogram som er utvikla i Hordaland. NLR Vest tilbyr uttak av surfôrprøver og bruk av Surfôrtolken i samband med tilbakemelding til bonden. Resultata frå laboratorieanalysar blir skrive inn i programmet. Ein får tolka tala på ein oversiktleg måte. Dette gjeld både tørrstoff, pH, gjæringskvalitet, energi, protein og mineral. Så langt er NLR Surfôrtolken mest nytta i Hordaland. Der er det teke ut 73 fôrprøver hausten 2017 (utanom dei som inngår i Klimasmart landbruk i Kvinnherad).

Arrangement for medlemar

Vårmøte

Det vart halde 24 vårmøte i 2017, omlag jamt fordelt over dei tre fylka. Vanlege emne på desse lokale «små» møta er: «Nytt om såfrø, gjødsling og ugraskamp». På Sunnmøre var «Bruk av overskotsmasser til jordbruksføremål» emne på fleire av møta. NLR Vest arrangerer også vårmøte saman med andre organisasjonar/firma.

Markdagar og markvandringar

Det er halde 39 markdagar siste året. Av emna kan nemnast: Skade av myrstankelbein i Bondalen, Ørsta, opning av nytt ammekufjøs på Vigra. Ugraskamp i åker og eng var naturlege tema på markdagar.

Markdag med demonstrasjon av hausteutstyr. Vekstsesongen i Hordaland var uvanleg våt. Det var stor interesse for lett hausteutstyr. Her frå Steinsdalen i Kvam.

Andre faglege arrangement

Dei tilsette i jordbruksgruppa har delteke på i alt 42 faglege arrangement, med innlegg eller anna ansvar.

Det var god stemning på markdagen i Vik i Sogn.

Forsøksfelt

Godt gjennomførte forsøk kan gi ny kunnskap som det er vanskeleg å finne ut av på andre måtar. Dei siste åra har det vore mindre aktivitet enn tidlegare. Ein er avhengig ekstra økonomisk støtte. Gjennom forsøksarbeidet får ein nær kontakt med «kunnskapsfronten». Skal våre medarbeidarar også i framtida vere «best» innan jord- og plantefag, må vi ta del i forsøksarbeidet. I Vestlandsbonden nr. 2 2017 er det teke med eit fullstendig oversyn over forsøksfelt innan jordbruk. Her kjem ein litt kortare oversikt.

Nye grasartar og sortar av strandsvingel, timotei, engsvingel og bladfaks 2017-21. Giske

Strandsvingel blir i dag nytta både i Sverige og Danmark. Kan han medverke til heva avlingsnivå i eng på Vestlandet? Liljeros er ein ny timoteisort som i forsøk har gitt like høg avling som Grindstad.

Utprøving av frøblandingar, 2016-2018. Voss

To storskalafelt er lagt ut på Voss. Testing av standard engfrøblanding i samanlikning med frøblanding med vintersterke sortar i høgareliggande strok. Det ser ut for å vere liten skilnad i tørrstoffavling på 1. slått mellom dei to frøblandingane i 2017. Utprøvinga er etter eige opplegg og støtta økonomisk av FMLA Hordaland.

Utprøving av nye vekstar, 2017-2019. Voss. Granvin

Formål: Teste nye grovfôrvekstar som kan gje betre avling og fôrkvalitet spesielt på økologisk drivne bruk. Det vart lagt ut eitt småruteforsøk og eitt storskalafelt i 2017. Småruteforsøket med strandsvingel og sikori i samanlikning med andre grasartar vart sådd i mai på Voss. I tillegg er det sådd eit storskalafelt med strandsvingel i blanding med timotei i Granvin. Felta er støtta av FMLA Hordaland.

Rug til beite, storskalafelt 2017. Fusa

Formål: Undersøke fôrkvaliteten utover sesongen. Ein teig med rug i blanding med raigras i Fusa vart følgt opp. Beitesesongen var vanskeleg i 2017, og det vart umogeleg å beite og ta ut prøver til rett tid. Feltet er i regi av NIBIO.

Tørka fiskeslam frå oppdrett på land, 2017-18. Ørsta

Formål: Finne ut om tørka fiskeslam frå oppdrett på land vere aktuelt som gjødsel i åker eller eng. Fiskeslam inneheld store mengder nitrogen og fosfor, men lite kalium. Korleis bør ein kombinere fiskeslam og mineralgjødsel på beste måte?

Etter initiativ frå gardbrukarar på Vartdal, og Marine Harvest, vart det i mai 2017 lagt ut eit innleiande toårig forsøk i eldre eng. Forsøket ligg på Vartdal. Ulike mengder av slam, og kombinasjonar med mineralgjødsel, blir samanlikna. Det vart teke prøver av avlinga, for analyse av fôrverdi.
Røynsler etter første år tyder på at fiskeslam, i kombinasjon med mineralgjødsel, kan gi gode grasavlingar. Fagleg ansvarleg er NLR Vest. Marine Harvest støttar forsøket økonomisk.

Kan tørka slam frå fiskeoppdrett på land nyttast til gjødsel i eng? Etter initiativ frå lokale gardbrukarar og Marine Harvest vart eit nytt forsøksfelt lagt ut på Vartdal våren 2017.

Ugrassprøyting i eng om hausten. Påverkar det overvintring og avling hos grasartar? 2016-17. Giske

Dei fleste som har prøvt haustsprøyting har gode røynsler. Ein sjeldan gong kjem likevel tilbakemeldingar som tyder på at det er risiko for veksthemming, utvintring og avlingstap. Desse meldingane kjem oftast frå område med lang, kald vinter.

Kan bruk av ugrasmiddel seint i sesongen påverke innvintrings-prosessane i grasplantane, og auke sjansen for overvintringsskade? Er det ulike verknader av ulike ugrasmiddel? Er det skilnader mellom grasartane når det gjeld kor mykje dei toler?

Eit nytt forsøk vart lagt ut hos Jacob Rørvik, Vigra, tidleg i september 2016. Feltet blei lagt i ei ugrasfri førsteårseng med timotei og engsvingel. Feltet vart sprøyta med fire ulike ugrasmiddel tidleg i september. MCPA, Mekoprop, Harmony 50 SX og Ally blei brukt i normal og halv mengde. Det vart teke rutevise planteprøver i november, frå nedre del av stengel, og øvre del av rot. Desse vart sende til laboratorium for analyse av karbohydrat. To tilsvarande forsøk vart lagde ut i Sunnfjord og Østfold. Fagleg ansvarleg er NIBIO Plantehelse. Resultat frå dette første forsøksfeltet vil vere klare i vinter. Det er søkt om midlar til vidaregåande undersøkingar komande år.

Vedlikehaldssåing i ung eng. 2013-17. Hareid, Haram og Giske

Alderen på enga på Vestlandet er høg. Vanleg fornying, med jordarbeiding og frøsåing, er arbeidskrevjande. I mange høve blir vinsten ved fornyinga meir kortvarig enn ynskjeleg. Etter seks år er avlingsnivået og ugrasinnhaldet i mange tilfelle på same nivået som før fornyinga. Kan ein med enkle metodar auke avlingsnivået, minske innhaldet av ugras og auke levetida for enga? Tre forsøksfelt i ung eng er lagde ut hos medlemar på Sunnmøre i 2013-2017.

Innsåing av nytt frø starta i første eller andre engår. Det vart sådd nytt frø annakvart år. Såinga vart gjort tidleg om våren, med 2,5 kg pr. dekar av fleirårig raigras. Innsåinga blei gjort ved hjelp av langfingerharv med såutstyr for grasfrø. Det vart tromla rett etter såing, for å sikre best mogleg kontakt mellom jord og frø.

Resultat: Avlingsskilnadene mellom sådde og usådde ruter har vore små. Endeleg rapport vil bli laga i 2018. Fagleg ansvarleg er NLR Vest.

Andre, eldre forsøk

- Lauvtre og buskar til le i verharde kyststrok, Giske
- Leplanting med lauvtre og buskar på beite, Haram
- Kystblåstjerne på Synnaland, Haram

Desse forsøka er nærmare omtala i Vestlandsbonden nr 2 2017

Korleis kan overskotsmassar nyttast til forbetring eller utviding av jordbruksareal? Her er prosjektgruppa saman med Fylkesmann og landbrukskontor på synfaring på eit areal der det er lagt på 2 meter med overskotsmassar på eit tidlegare beiteareal.
Foto: K. Haram.

Prosjekt

«Overskotsmassar – problem eller ressurs?»

Ny handbok for bruk av overskotsmassar til jordbruksføremål.

I område med stor byggeaktivitet får lokale grunneigarar ofte tilbod om å ta imot store mengder overskotsmassar av jord av vekslande kvalitet. Det finst døme på ukyndig bruk av slike massar på dyrka jord. Korleis kan jord og overskotsmassar av ulike kvalitetar brukast for å lage varige jordbruksareal med best mogleg produksjonsevne?

Hovudmålet er å legge til rette for at overskotsmassar i byggeprosessar vert brukt til å forbetre eksisterande jordbruksareal og til å etablere nye jordbruksareal. Prosjektgruppe er Trygve Torsteinsen, Olav Martin Synnes, Are Johansen, NLR Nordland og Samson Øpstad, NIBIO. Prosjektet får økonomisk støtte frå Fylkesmennene og Fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Statens vegvesen, og Maskinentreprenørenes Landsforbund støttar også prosjektet.

Grovfôr i pluss Nordhordland, 2015-17

17 mjølkeprodusentar deltok i prosjektet. Eit hovudmål var at kvar deltakar skulle auke grovfôrproduksjonen og betre fôrkvaliteten. Grovfôropptaket per ku skulle auke med minst 1 FEm per dag per årsku. Deltakarane fekk tett oppfylgjing av rådgivar. Registreringane syner at deltakarane i snitt har oppfylt måla i prosjektet. Fornying av eng, tilpassa gjødsling og slåttetid er viktige faktorar når det gjeld å auke avlingane og forbetre fôrkvaliteten. Bruk av ensileringsmiddel påverkar også fôrkvalitet og fôropptak. Prosjektet førte også til fagleg oppdatering hos deltakarane.

Klimaprosjekt

«Muligheter for Miljø- og klimavennlig melkeproduskjon». Dette var eit samarbeid med NIBIO, og NORSØK. Prosjektet blei avslutta i 2017. Rapport blir skriven i 2018.

Klimasmart landbruk i Kvinnherad, 2017-18

I alt er 21 gardsbruk med, av desse 19 med mjølkeproduksjon. Ein studerer utnytting og tap av nitrogen og fosfor. Utslepp av klimagassar og ammoniakk blir vurdert. Deltakarane tok ut 27 fôrprøver som blir nytta i samband med bruk av Kretsløpstolken. Prosjektdeltakarane fekk også tilbod om 4 markdagar i 2017.

Hausting av demonstrasjonsfelt i gjødsling i Omvikdalen. Feltet inngår i prosjektet Klimasmart landbruk i Kvinnherad. Vi ser rådgjevar Torleif Bakke Haavik.

Lagring av rundballar, 2017-18

Det skal lagast eit kortfatta fagblad med råd om lagring av rundballar. Tiltak for å unngå avrenninga av næringsstoff til vassdrag er ei hovudsak. Arbeidet starta opp i 2017 og blir fullført i 2018. NLR Vest samarbeider her med Landbruk Nordvest. Fylkesmennene i dei tre nordlege fylka på Vestlandet støttar prosjektet.

Fornying av eng på Vestlandet, 2017-18

Når løner det seg å fornye enga? Kva framgangsmåte gir best resultat under ulike forhold? Det skal lagast eit kortfatta hefte der ein gir råd på bakgrunn av gamal og ny kunnskap. Det skal også visast til gode døme hos medlemar som har prøvd ut og lukkast med ulike fornyingsmetodar. Arbeidet starta opp i 2017 og skal fullførast i 2018. Prosjektet får støtte frå Fylkesmennene i Hordaland og i Sogn og Fjordane. NLR Vest samarbeider også her med Landbruk Nordvest.

Grovfôr 2020

Dette er eit landsomfattande prosjekt for samarbeid for meir, betre og billegare grovfôr. Informasjon og formidling av kunnskap er viktig i dette prosjektet. Fagkunnskap om grovfôrproduksjon skal samlast og formidlast på ein effektiv måte til produsentar over heile landet. Ei målsetting er å auke grovfôrdelen per kg mjølk og kjøt med 20 %.

Rundballar i gråver. Litt typisk for 2017. Desse rundballane ser faste og fine ut, men vått gras i rundballar er dyrt grovfôr.

I 2017 var tilbodet om gjennomgang av grovfôrøkonomien på eige bruk ein stor del av prosjektet. Her samarbeidde NLR Vest med TINE. Deltakarane vart inviterte til ei regional samling på Skei i Jølster i november. Her var representantar frå NLR, TINE, Yara m.fl. med og la til rette for ei fagleg og sosial samling for deltakarane. Frå NLR Vest sitt område møtte totalt 29 bønder på denne samlinga. Deltakarane blei fordelte i grupper, og det var fagmøte også i plenum. Det var fokus på grovfôrpris, grovfôrkvalitet, kalking, gjødsling, fornying av eng m.m. Det kom fram at grovfôrkostnadane i gjennomsnitt er vesentleg høgre på Vestlandet enn på Austlandet og i Trøndelag.

TINE er prosjekteigar. Aktive deltakarar er NLR, Yara, Felleskjøpet, NIBIO med fleire. Lise Austrheim og Dag-Arne Eide er med i kvar si landsomfattande arbeidsgruppe i Grovfôr 2020.

Intensiv grovfôrrådgiving i Sogn og Fjordane

Dette er eit nytt prosjekt som blei starta opp hausten 2017. Medlemar har etterspurt meir rådgjeving direkte ute på garden i vekstsesongen. FMLA i Sogn og Fjordane støttar prosjektet økonomisk. Meininga er å utvikle gode rådgjevingsmetodar på gardsnivå. Prosjektet er starta opp ved å setje saman 3 mindre grupper av medlemar som skal få tett oppfølging. Problemstillingane og storleiken på gardsbruka i dei 3 gruppene er noko ulike. Difor blir det lagt vekt på ulike fagtema i gruppene. Det er meininga at dette prosjektet skal utvikle gode medlemstilbod i NLR Vest.

Haustetidsprognosar

Det vart teke nær 30 grasprøver i mai-juni. Analysar av desse vart nytta til å lage prognosar for utviklinga av fôrverdi hos gras. Slike prognosar kan gi nyttig informasjon om rett tid for hausting. Grovfôrmodellen, utvikla av NIBIO i samarbeid med NLR, blei brukt. Denne er basert på klimadata frå ulike målestasjonar.

Skjøtselplanar for kystlynghei, gamal slåtteeng, naturbeite

Det er laga ca 10 skjøtselplanar for desse vegetasjonstypane. Dette er på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Astrid Sandvik og Gunnlaug Røthe har gjort dette arbeidet i 2017. Det er gjennoført fleire synfaringar på gamle slåtteenger og naturbeite med tanke på oppdateringar for «Naturbase». Gunnlaug Røthe arbeider vidare på dette arbeidsfeltet.

Rådgjevingsmeldingar

I 2017 vart det sendt ut 12 rådgjevingsmeldingar. Desse går ut berre på e-post. Dei inneheld fagstoff frå jordbruk, økonomi og HMS. Her blir det linka til fagartiklar som ligg på nettsida til NLR Vest og til artiklar på andre nettsider. Her blir også kurs, møte og markdagar kunngjort.

Kompetanseutvikling

Dei tilsette i NLR Vest har som mål å vere «best» innan sine fagområde. Fagleg oppdatering er avgjerande. I 2017 deltok dei tilsette i Jordbruksgruppa på til saman 25 samlingar for fagleg påfyll.

Drenering av jordbruksjord

Gjennom å arrangere fagmøte og å lage faktaark om drenering, oppnår vi auka kunnskap og interesse for å vedlikehalde jordbruksjord. Prosjektperioden er 2016-2018. Prosjektet er delfinansiert med Klima- og Miljømidlar frå FMLA Hordaland.

Mentorordning i landbruket

NLR er peika ut til å administrere ordninga ”Bonde hjelper bonde”. Ein erfaren bonde skal vere mentor for ein ung/ny bonde. Sogn og Fjordane er eitt av prøvefylka. I 2017 var 5 par med i ordninga. Prosjektet går vidare med 15 par i 2018, og er med dette fullteikna. Prosjektet inkluderer både mjølkeprodusentar, sauebønder, hagebrukarar og bønder som driv med alternative næringar. Ove Sørestrand er NLR Vest sin prosjektleiar.

Den veglause garden Øvre Fossedal i Askvoll kommune, der skjøtsel og restaurering av slåttemarka er i startfasen.

HAGEBRUK

FRUKT OG BÆR

Rådgiving til medlemmer

Medlemsbesøk og telefonrådgiving var som vanlig en stor og viktig del av arbeidet gjennom vekstsesongen. Som høst- og vinterarbeid ble det tatt ut ca. 400 jord- og bladprøver i 2017 og laget ca. 100 gjødslingsplaner. Det ble også ferdigstilt 43 planteplaner og sju søknader til Innovasjon Norge. Innen økologisk fruktdyrking hadde vi fire avtaler om Økologisk Førsteråd og en økorådgivingsavtale.

Som tidligere har NLR Vest hatt ansvar for 12 klimastasjoner som er grunnlaget for skurvvarslinga i fruktdistriktene på Vestlandet. Vi drifter også de faste prognosevarslingsstasjonene for rognebærmøll.

Gjennom fruktsesongen ble det tatt ut høstetidsprøver av eple og pære i alle fruktdistrikt. Dette arbeidet gjøres i samarbeid med fruktlagrene. På grunn av mistanke om mye sprøytemiddelresistens i gråskimmel, hadde vi en ekstratjeneste dette året hvor vi sendte prøver fra bringebærfelt til Tyskland for analyse. Det ble tatt ut prøver fra til sammen 43 felt.

Arrangement

Markdager/fagmøter

Det var stor aktivitet på frukt og bær dette året og NLR Vest var med på 74 små og store arrangement i vårt område. Noen var rene NLR-arrangement, mens andre ble arrangert i samarbeid med frukt- og bærmottakene. Vi holdt til sammen 47 markdager og skjæresamlinger. Dette var tradisjonelle markdager for å se på vekstproblem eller insekt og sykdommer i felt, skjæresamlinger med Aad Wisse og Jop Westplate, og samlinger med fokus på dekkesystem i bringebær og HMS for innleid arbeidskraft.

På fagmøter gjennom året ble det tatt opp tema som gråskimmelresistens i jordbær, tresykdommer i plomme, dyrking av pæresorten Celina, dekkesystem for bringebær, integrert plantevern m.m. På våren var det også tre møter hvor Arbeidstilsynet og Skatteetaten var til stede, med fokus på regelverket omkring bruk av utenlandsk arbeidskraft i landbruket. Disse møtene ble arrangert i samarbeid med Gartnerhallen.

Kurs i insektkjennskap for fruktdyrkere på Njøs med Bjørn Arild Hatteland fra NIBIO.

Kurs

I Hardanger ble det holdt nybegynnerkurs i fruktdyrking med fire samlinger i løpet av året. Nye produsenter fikk her en innføring i alle sidene av fruktdyrking og kurset ble godt mottatt. Grunnkurs i frukt- og bærproduksjon er dessverre en mangelvare og det er ikke lett for nye produsenter å få tak i grunnleggende kunnskap hvis de ikke har tatt landbruksfaglig utdannelse tidligere. Vi i NLR Vest håper å kunne fortsette å tilby en del slike basiskurs framover. Dette nybegynnerkurset for fruktdyrkere vil bli gjennomført i Sogn og Fjordane i 2018.

Flere av rådgiverne på frukt og bær har ansvar for autorisasjonskurs i plantevern om vinteren og det ble som vanlig holdt mange slike kurs i distriktet til NLR Vest. Mange foretrekker ennå det tradisjonelle kurstilbudet med felles gjennomgang av stoffet selv om fornyingskurs på nettet etterhvert også er blitt mer populært.

Prosjekt og forsøksvirksomhet

Her presenterer vi et lite utvalg av prosjekter det ble jobbet med i 2017.

TreHelse i steinfrukt

Arbeidet fortsatte i dette fireårige prosjektet som handler om viktige sykdommer i steinfrukt; bakteriekreft, sølvglans, rothalsråte, haglskuddsyke og plommepung. I plomme var plommepung i fokus med nye sprøyteforsøk i Sogn og Nordfjord. I moreller følges nyplantinger for å se hvordan bakteriekreft utvikler seg på trærne etter planting. Plommemøtet i januar i Sogn og Nordfjord var også en del av dette prosjektet.

Åmeåtak

Dette NIBIO-prosjekt har som mål å kartlegge forekomst og skadebilde av 6 ulike viklerarter i de viktigste fruktdistriktene. Det ble tatt bankeprøver og hengt opp feromonfeller (trekantfelle med dispenser) i flere felt. Fellene ble sjekket jevnlig gjennom sesongen. Det ble registrert skader av liten kartvikler i felt før kartfall og skade av viklere i felt under høsting. Prosjektet fortsetter i 2 år til.

Ved høsting registrerte vi viklerskader i eple i prosjektet Åmeåtak.

Sprøytemiddelresistens i frukt

Arbeidet ble utvidet fra bær til frukt i 2017, med støtte fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Prøver av epler, plommer og moreller ble sendt til Tyskland for analyse. Det viste seg at det var mer utfordrende å få gode prøver fra frukt enn fra bær. Resultatene er ennå ikke klare.

Bærklienten

Henrik Tellevik avsluttet dette året prosjektet med utvikling av Bærklienten, et alternativ til Fruktklienten som kan brukes av bærprodusenter. Bærklienten kan gi produsentene god oversikt over plukkeresultat fra dag til dag, og dermed økonomien i driften. Den er også et godt hjelpemiddel ved utbetaling av lønn og utregning av timelønn for plukkerne.

OptiBær

Optimalisert strategi for bruk av plantevernmiddel i norsk bærproduksjon. Prosjektperioden er 2016-2018. Det var to feltforsøk med ulike sprøytestrategier mot gråskimmel i bringebær. Målet er å skaffe kunnskap om og forebygge resistens mot plantevernmiddel kombinert med bedre sprøyteteknikk.

Klart til forsøkssprøyting mot gråskimmel i bringebær i Optibær-prosjektet.

Feltarbeid kan være utfordrende i en våt sesong. Her gjør Irén Lunde Knutsen registreringer i prosjektet SmartCrop.

BÆRNEMA

Dette forprosjektet er en kartlegging av nematodesituasjonen i bærfelt i Norge, og det ble sendt inn en god del prøver fra bringebær. Noen få felt skilte seg ut med mye nematoder, men det ser ikke ut til å være et omfattende problem i vårt område.

Informasjonsmateriell

Det ble sendt ut ca. 60 rådgivingsmeldinger med frukt- og bærstoff fra NLR Vest. Noen av disse var fellesmeldinger som gikk til hele regionen, mens det i vekstsesongen var mest lokale meldinger som gikk ut separat til Sogn og Fjordane og Hordaland/Ryfylke. I tillegg ble det sendt ut 9 stk Nytt om morell som er et samarbeid mellom NLR Vest, NLR Agder og NLR Viken. Den årlige Plantevernplanen for frukt og bær, et samarbeidsprosjekt mellom alle NLR-enhetene i landet, ble som vanlig sendt ut til alle frukt- og bærmedlemmer i mars.

Den viktigste informasjonskanalen til frukt- og bærmiljøet i Norge er bladet Norsk Frukt og Bær. Endre Bjotveit var også dette året medredaktør i bladet, og NLR Vest bidro med flere artikler. Andre fagartikler ble brukt i medlemsbladet Vestlandsbonden og i Bondevennen. Facebook-gruppen for bringebærdyrkere ble også videreført i 2017.

På slutten av året ble det brukt en del tid på å skrive ny dyrkingsveiledning for bringebær. Den er rettet både mot nye og etablerte produsenter, og gir en grundig innføring i hele produksjonen. Veiledningen ble lansert etter årsskiftet. I samarbeid med Foregangsfylket for økologisk frukt og bær ble det også utarbeidet en rapport om økonomien i økologisk bringebærdyrking.

Utprøving av bæresele for sprøyting med jordbærbom. Den passet ikke til vår forsøkssprøyting, men kanskje til gresstrimmer i bratt terreng?

Kompetanseutvikling

Internt i NLR-systemet deltok rådgiverne på plantevernsamling med NIBIO, sprøyteteknikkdag i Optibær-prosjektet, kurs i substratdyrking av bær og den tradisjonelle Kursuka for alle ansatte i NLR. Det var også en del reiser i inn og utland med ulike tema som: Integrert plantevern i Riga, Frukt- og bærseminaret i Drammen, besøk i morell- og bærfelt i England og samlinger for økologisk fruktdyrking i Danmark og Tyskland.

Til sprøyteteknikkdagen i Svelvik i september var rådgiver og sprøyteekspert Peter Triloff fra Tyskland invitert (i midten av bildet). Her i diskusjon om teknisk plassering av dyser i forhold til luftuttak på en tverrstrømsprøyte fra Bjerknes maskinforretning.

POTET OG GRØNSAKER

Det har vore arrangert eit grønsak- og potetkurs på Voss 29. mars. I Lærdal var det demonstrasjonsdag 27. april med Ole C. Bye der fres for jordarbeiding i gulrot og diverse anna utstyr for potet- og grønsakdyrking vart vist. Det er laga nokre gjødslingsplanar for potet. Elles har ein svart på ulike spørsmål på telefon og e-post og mellom anna starta samarbeid med andelslandbruket i Arna med tanke på dyrkingsråd og oppfølging.

HMS/ØKONOMI/BYGG

HMS

Oppfølging av HMS-avtalar

Besøk til medlemar med HMS-avtale er det viktigaste arbeidet til HMS-rådgjevarane. På desse besøka er det fokus på tryggleik, risiko og beredskap gjennom samtale og vernerunde på garden. I 2017 vart det gjennomført vel 100 slike besøk. Det er eit mål å auke dette vesentleg i 2018.

Oppfølging av bedriftshelsetenestene (BHT)

Som del av HMS-avtalen vert det kalla inn til helsekontroll hjå Stamina helse og Bedriftshelse1 kvart 3.år. Målet med kontrollen er å førebyggje helseplager i arbeidet, og få fram om der er helseutfordringar i arbeidsmiljøet som bør gjerast noko med. Det er tett kontakt mellom HMS-rådgjevarane og helsepersonell i BHT i einskildsaker. Både Stamina og Bedriftshelse1 har fornya sine avtalar med NLR i 2017.

Tilrettelegging av arbeidsplass

I folketrygda står det mellom anna at ein har rett til å «ha eller beholde høveleg arbeid», og at det kan løyvast midlar til dette gjennom NAV Hjelpemiddelsentralen, utifrå visse vilkår. I 2017 har HMS- rådgjevarane gitt landbruksfagleg vurdering og tilråding i 6-7 slike saker.

Kurs, praktisk HMS-arbeid

Kurset er som før på to oppmøtesamlingar og heimearbeid på internett mellom samlingane. Kurset dekker krav i KSL og arbeidsmiljølova som seier at leiar for verksemda skal ha HMS-opplæring. Det har vore halde 8 slike kurs i 2017.

Sertifiseringskurs, brannsikring ved varme arbeid

Krav om sertifisering ved bruk av utstyr som kan føre til brann, er heimla i sikkerheitsforskriftene til forsikringsselskapa, og er relativt nyleg gjort gjeldande for landbruk. Sertifikatet må fornyast kvart 5.år. To av HMS-rådgjevarane tok i 2016 instruktørutdanning for å halde desse kursa. I 2017 vart det halde 12 slike kurs. I 2018 kan dette talet bli dobla.

Kurs, Inn på tunet-kvalitet og tryggleik

Kurset er laga for dei som ynskjer å nytte Matmerk si godkjenningsordning for rett til å bruke logo og namnet «Inn på tunet». Kurset går over to dagar der ein arbeider med HMS og kvalitet. Det har vore halde eit slikt kurs i 2017. I tillegg er NLR Vest representert i Matmerk si nasjonale faggruppe for Inn på tunet.

HMS i NLR Vest

HMS har ein fot innom alle fagfelt i NLR, HMS-rådgjevarane har i 2017 skrive fagartiklar i medlemsbladet Vestlandsbonden og i rådgjevingsmeldingar, delteke på markdagar og krinsmøte med HMS, og undervist om helserisiko på nokre av plantevernkursa.

ØKONOMI

Økonomirådgjevarane lagar driftsplanar og hjelper til med søknader om støtte til planlegging og investering. I 2017 vart det laga 25 driftsplanar, og det vart ytt hjelp til 20 søknader om tilskot. Søknader om tilskot vart stort sett retta mot Innovasjon Norge, men og kommunale fond og regionale etablerarfond har tilskot til landbruksføremål.

SNOP-kurs

Strategisk nærings- og produksjonsutvikling (SNOP) er eit kurs ein har hatt årleg sidan 2012. Her lærer deltakarane å lage forretningsplan, samt at dei får ei innføring i korleis dei skal gå fram for å få til ei vellukka verksemd. I løpet av kurset er det fleire ulike gjesteførelesarar innom, både frå Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling, landbrukskontoret i kommunen, samt Kompetansenavet Vest. Ein ekskursjon for å sjå korleis andre bønder driv attåtnæring på garden, er og med i kurset. SNOP-kursa har 12 plassar. SNOP 2017 gjekk i Odda i Hardanger med oppstart i september og avslutning i desember. Dette året hadde kurset 12 deltakarar.

Siste dagen på SNOP 2017. Ein av dei 12 deltakarane, Tina Eik frå Rosendal, viser fram kursbeviset ho fekk etter å ha presentert forretningsplanen sin.

Utmarksbasert kjøtproduksjon

Dette prosjektet går i Sogn og Fjordane, og er eit oppfølgingsprosjekt av saueprosjektet som vart avslutta i 2015. Prosjektet har fokus på rådgjeving innan økonomi/vegval, bygg, innandørsmekanisering/grovfôrhandtering for både sau og storfe (ammeku). Fokusområde har vore moderne og lettstelte fjøsar med gjennomtenkte løysingar for grovfôrhandtering og dyreflyt. Lønsemd er heilt avgjerande for ein vellukka og langvarig produksjon. Grundig arbeid med driftsplanen over tid er ein suksessfaktor i prosjektet. Godt samarbeid mellom byggherre, byggrådgjevar og økonomirådgjevar i planleggingsfasen er heilt avgjerande for at prosjekta vert vellukka.

Det er ei målsetting å få bygt om/etablert fjøs til 300 ammekuplassar årleg i Sogn og Fjordane. Ammeku som driftsform har ikkje hatt noko stor utbreiing i Sogn og Fjordane, så det er viktig å auke kunnskapen om denne driftsforma hos dei som vil starte opp. Storfeprosjektet, Tyr, Nortura og NLR Vest har hatt godt samarbeid gjennom året for få til denne auken i storfekjøtproduksjonen i fylket. Til dømes vart det arrangert tre fagdagar/markdagar i slutten av september for ammekuprodusentar. Fokus var rase og avl, beitestell og arealbehov til beite og slått. Samla var det om lag 40 deltakarar på desse fagdagane.

Det har vore gjennomført mange fyrstebesøk med tema vegval eller bygg. Dette gjeld både til saue- og ammekubønder. Det har også vore nytta ressursar til fagleg oppdatering av tilsette, særleg innan ammeku.

Prosjektet er finansiert med sal av tenester og UTM-midlar frå FMLA Sogn og Fjordane.

Tor Einar Erikstad i Holmedal flytta inn i ny fjøs hausten 2017, men han rakk knapt i få inn dyr før dei fyrste yrkesbrørne kom og ville lære.

Lars Andreas Kårstad i Bygstad starta opp med Vestlandsk Fjordfe som ammeku i ein gamal mjølkefjøs i 2017. Han er svært nøgd med dyra.

Mentor sau

Mentorprosjekt for sauebønder i Sogn og Fjordane, som vart starta opp i 2016, har også hatt aktivitet i 2017. Arbeidet strekkjer seg over eitt år for kvart par. Bonde til bonde-rådgjeving skal supplere anna rådgjeving, og vere meir praktisk retta enn kva ein kan oppnå med tradisjonell rådgjeving. Døme på dette er fjøsbesøk der tema er haldvurdering, fôring, avl, lammingsvanskar, utplukk av påsettlam, beitebruk m.m.

Midlar frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune er viktigaste finansieringskjelde.

DIVERSE PROSJEKT I HORDALAND

Oppfølging av økologiske sauebønder

Prosjektet har som mål å følgje opp 10-20 økologiske sauebønder med hjelp til å finne gode løysingar for å tilpasse seg nytt regelverk med tett liggeareal til økosau. Minstekravet er 0,75 m^2 tett liggeareal og totalt areal på 1,5 m^2 pr. sau. Prosjektperiode 2017-2018. Delfinansiert med utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (UTM-midlar) frå FMLA Hordaland.

Evaluering av fôringplassar

6 fôringsplassar til utegåande sau og storfe skal evaluerast for å sjå mellom anna på verkemåten for dyrehelse, fôring, oppsamling av gjødsel, tidsbruk og tryggleik for røktar. Prosjektperioden er 2017-2018. Prosjektet er fullfinansiert frå Landskap i drift 2 (FMLA Hordaland og Hordaland Fylkeskommune).

Fôringsplass i Skånevik.

Eit godt måltid på ammekusamlinga i Nerhuskjellaren i Rosendal 2. desember.

Storfekjøtproduksjon på ammeku

Målet med prosjektet er å auke interessa for ammekuproduksjon i Hordaland, samt gje dei som vurderer ammekuproduksjon eit godt grunnlag til å gjere sine val. Det har vore arrangert samlingar ute på gardar med ammekyr. Det har også vore individuell oppfølging med driftsplanar og søknad til Innovasjon Norge om delfinansiering. Prosjektperioden er 2017-2018. Delfinansiert med RULL-midlar frå Hordaland Fylkeskommune.

BYGNINGSPLANLEGGING

NLR Vest har hatt godt med oppdrag i 2017, men noko mindre tradisjonelle fyrstebesøk enn året før. Bygningsplanleggarane har laga 35-40 byggplanar, men har vore involvert på ulike måtar i mange fleire oppdrag gjennom året. Ein god del eksterne aktørar nyttar seg av våre tenester også dette året.

Ny ammekufjøs til 25 ammekyr + rekruttering under oppføring i Eikefjord i Flora kommune.

Det er framleis stort fokus på ammeku, og noko mindre på sau. Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Hordaland har gitt støtte også i 2017 til fornying og moderat auke innan sauehaldet. Det er utført 2 byggeleiaroppdrag dette året, med litt ulik funksjon og grad av involvering.

NLR Vest står som ansvarleg søkjar på fleire nye driftsbygningar i vårt område og i andre delar av landet. Dette gjeld byggefirma som kjøper denne tenesta hjå NLR Vest. I tillegg har NLR Vest gjennomført kontroll av Reime saue-golv hjå 3 bønder. Dette har vore finansiert av bonden (eigenandel), Gjensidige og Bondelaget.

NLR har i overkant av 20 bygningsplanleggarar fordelt over heile landet. Det har vore gjennomført fleire kurs og samlingar i året som gjekk, og samarbeidet og kompetanseflyten mellom dei ulike regionale einingane i NLR er god, og svært viktig. NLR Vest hadde to bygningsplanleggarar i 2017. I tillegg har ein rådgjevar delar av stillinga si innanfor området, og tek fyrstebesøk og formidlar oppdrag vidare til dei to andre.

Ombygging av fjøs til ammekyr

Det er laga eit hefte der det er skissert korleis ein kan bygge om ein mjølkekufjøs til fjøs for ammekyr. Heftet er laga i samarbeid Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det er teke utgangspunkt i ein tradisjonell båsfjøs og presentert ulike forslag til planløysing. Sjå nærmare omtale i Vestlandsbonden nr 2 2017. Heftet er trykt opp for utdeling til interesserte.



FELLES FOR FAGGRUPPENE

Økologisk rådgjeving i jordbruk og hagebruk

Siste året er det gitt Økologisk Førsteråd til 18 brukarar. I tillegg er det halde 19 samlingar med grupperådgjeving. Det er brukt 49 timar i samband med rådgjevingsavtalar. I tillegg har NLR Vest sine rågjevarar hjelpt bønder med Økoplan. NLR sentralt har gode ordningar som finansierer rådgjevingsarbeidet. NLR Vest er medeigar i bladet Økologisk Landbruk. Dette kjem ut med 4 nummer i året. I 2017 bidrog NLR Vest med ein fagartikkel i bladet; Mineraldekning hos storfe og småfe.
Dette bladet kan interesserte abonnere på

Funksjonstesting av åkersprøyter blir gjort av 3 rådgjevarar i NLR Vest. Her ei sprøyte på ATV som klarte testen med god margin. Sotra 30. oktober.

Godkjenning av åkersprøyter

Det er testa og godkjent i alt 69 åkersprøyter siste året, 47 i Sogn og Fjordane, 11 i Hordaland og 8 på Sunnmøre.

Startpakke for nye bønder

Målet med prosjektet er å nå fram til nye bønder og gje dei innsikt i jordbruk, gardsøkonomi og HMS. Prosjektperioden er 2017 og 2018. Prosjektet er finansiert ved UTM-midlar frå FMLA Hordaland.

Kurs

I 2017 vart det halde 7 autorisasjonskurs i plantevern, 3 kurs i «Steinsprekking» og eitt maskinførarkurs. I tillegg vart det arrangert «Ullkurs» i Nordfjord, og kurs om «Poteter og grønsaker» på Voss.

Skriftleg informasjon

Grundig informasjon gjennom fagartiklar er ein viktig del av rådgjevinga. Ikkje minst gjeld dette artiklar som byggjer på nye forsøk og ny forsking. I 2017 skreiv våre medarbeidarar 37 fagartiklar i ulike tidsskrift. Dette gjeld 16 i rådgjevingsmeldingane for jordbruk, økonomi og HMS, 7 i medlemsbladet Vestlandsbonden, 10 i Bondevennen og 4 i andre tidsskrift. Det blei gitt ut 2 utgåver av Vestlandsbonden og NLR Vest hadde artiklar i 7 utgåver av Bondevennen. Desse 7 utgåvene blei sendt ut i e-post til alle medlemar i NLR Vest. I mai-september skreiv rådgjevarane 15 meldingar til Nationen, om «Ver og vekst». NLR Vest har både nettsider og Facebook.

Interne aktivitetar for tilsette

I 2017 var alle tilsette invitert til fellesmøte to gongar. I Bergen i vår og i Førde før jul. Her blei det fokusert på interne arbeidsrutinar og på strategiplan for NLR Vest m.m. Det var og rom for samling for dei 3 faggruppene. Faggruppene har også møte på Skype gjennom heile året.

Dei fleste i jordbruksgruppa samla til møte i Bergen i vår. Planlegging av komande sesong stod på programmet.

TILSETTE

Namn	Stilling	Kontor	Telefon
ADMINISTRASJON			
Liv Lyngstad	Dagleg Leiar	Øystese	982 45 830
Åse Leirgulen	Nestleiar	Sandane	909 67 726
Ingrid Fridtun	Administrasjon	Leikanger	918 66 727
Anne Lamberg Opsahl	Administrasjon	Rosendal	982 45 844
JORDBRUK			
Dag-Arne Eide	Fagleiar jordbruk	Sandane	958 12 790
Sigmund Larsen	Rådgjevar jordbruk	Eid	952 23 529
Marit Henjum Halsnes	Rådgjevar jordbruk	Leikanger	415 11 774
Ove Sørestrand	Rådgjevar jordbruk	Fjaler	995 73 688
Olav Martin Synnes	Rådgjevar jordbruk	Ålesund	951 38 819
Randi Hodnefjell	Rådgjevar jordbruk	Ørsta	926 42 868
Torleif Bakke Haavik	Rådgjevar jordbruk	Rosendal	982 45 833
Bart van Gool	Rådgjevar jordbruk	Rosendal	982 45 837
Helena Elvatun	Rådgjevar jordbruk	Rosendal	982 45 836
Mari Aker	Rådgjevar jordbruk	Voss	982 45 840
Gunnlaug Røthe	Rådgjevar jordbruk	Voss	982 45 835
Lise Austrheim	Rådgjevar jordbruk	Fana	982 45 831
Astrid Sandvik	Innleigd rådgjevar	Brekke	901 34 097
Trygve Torsteinsen	Innleigd rådgjevar	Fana	982 45 845
Kristian Gjengedal	Innleigd rådgjevar	Sandane	908 74 189
HAGEBRUK			
Iren Lunde Knutsen	Fagleiar hagebruk	Lofthus	944 98 112
Endre Bjotveit	Rådgjevar hagebruk	Lofthus	414 52 940
Jan Ove Nes	Rådgjevar hagebruk	Lofthus	913 18 679
Kristin Kvamm-Lichtenfeld	Rådgjevar hagebruk	Lofthus	451 04 254
Henrik Tellevik	Rådgjevar hagebruk	Askøy	982 45 832
Rune Vereide	Rådgjevar hagebruk	Sandane	901 69 501
Stine Huseby	Rådgjevar hagebruk	Leikanger	480 40 498
Marianne Bøthun	Rådgjevar hagebruk	Leikanger	952 90 740
Aleksander Skjerping Mo	Rådgjevar hagebruk	Lærdal	476 16 202
HMS/ØKONOMI/BYGG			
Ester Helland	Fagleiar HMS/økonomi/bygg	Rosendal	982 45 842
Edvin-Andre Hugvik	Rådgjevar bygg	Sandane	412 95 868
Hans Emil Dale	Rådgjevar bygg	Selbu	489 46 130
Charlotte Joys	Rådgjevar HMS	Fana	411 24 222
Kolbjørn Taklo	Seniorrådgjevar HMS	Sandane	913 96 560
Trude Iren Saure	Rådgjevar HMS	Ørsta	975 28 775
Leif Trygve Berge	Rådgjevar økonomi/jordbruk/bygg	Ølve	982 45 839
Arve Arstein	Rådgjevar økonomi/ jordbruk	Fjaler	994 70 161

PRISAR FOR TENESTER 2018

Alle prisar er oppgjevne utan mva.

Medlemspengar (2017)

- Grunnkontingent: 1000 kr (Framlegg for 2018: 1020 kr)
- Arealkontingent grovfôr, korn: 5 kr pr. dekar
- Arealkontingent frukt og bær: 40 kr pr. dekar
- Arealkontingent grønsaker og potet: 35 kr pr. dekar
- Det er ein maksimalkontingent 1800 kr for kvar produksjon.

Medlemsfordelar

Om lag 40 % rabatt på tenester, om lag 30 % rabatt på kurs, kulturspesifikke rådgjevingsmeldingar på e-post, invitasjon til fagmøte, markdagar og kurs, telefonrådgjeving, landbruksfaglege temaskriv og medlemsblad tilsendt i posten, tilgang på fagstoff på nettsida til NLR Vest.

Prisar for rådgjeving, utanom bygningsplanlegging

- Timepris: 630 kr for medlemar, 1040 kr for andre
  Oppdrag vert belasta med minimum 1 time, deretter pr. halvtime. Berre aktiv rådgjevingstid vert fakturert medlemane.

Bygningsplanlegging

- Timepris 800 kr for medlemar, 1330 kr for andre
- Fyrstebesøk for bygningsplanlegging: 2500 kr

HMS

- 3-årig HMS-avtale som inkluderer bedriftshelseteneste og HMS-besøk heime på garden: 2200 kr pr. år for medlemar, 4400 kr pr. år for andre.

Økologisk landbruk

- Økologisk førsteråd er gratis
- Rådgjevingsavtale, 250 kr pr. rådgjevingstime

NLR Surfôrtolken

Uttak av surfôrprøve med bor som går inntil 6 meter ned i siloen, analyse av næringsinnhald, mineralinnhald og gjæringskvalitet. Oversiktleg tilbakemeldingsrapport med råd for fôrdyrkinga neste år. Tilbod til medlemar: 2050 kr inkludert analysekostnad.

Tilbakemelding ved hjelp av NLR Surfôrtolken i samband med fôrprøver tekne av andre: Timefakturering 630 kr pr. time.

Jordprøver/bladprøver

Uttak og innsending av jordprøver og bladprøver: 100 kr pr. prøve. (Analysekostnad kjem i tillegg.)
Sats for oppmøte på garden: 250 kr.

Gjødslingsplan, grøfteplan, driftsplanar og anna planlegging

Timefakturering 630 kr pr. time for medlemar, med minimumspris 1 time

Funksjonstesting av åkersprøyte

- For medlemar: 2300 kr
- Medlem i gruppe: 2000 kr
- Ikkje medlem: 3500 kr

Funksjonstesting av tåkesprøyte

- For medlemar: 3000 kr
- Medlem i gruppe: 2600 kr
- Ikkje medlem: 4000 kr

SJH
Sogn Jord- og Hagebruksskule



Utdanning for framtida
Vil du jobba med økologisk landbruk eller berekraftig samfunnsutvikling? Sogn Jord- og Hagebruksskule gir deg kompetansen. Her finn du eit jordnært og sterkt fagmiljø innan husdyr, grønsaker, frukt, foredling, garden som ressurs og mykje meir.

sjh.no

Åberge Planteskule

FRUKTTRE
Grønnpisker av frukttre
klare for levering sommar 2018



Åberge Planteskule · Ylvisåker, 6858 Fardal
E-post: aaberge.plant@online.no
Tlf.: 57679181
www.aabergeplanteskule.no

Suksessen starter med såvarene

Kontakt våre fageksperter for bestilling av varer eller gode råd om produksjon av grønnsaker, poteter eller frukt og bær.

Vi leverer det meste av det du trenger til produksjonen:

- Grønnsak- og krydderfrø
- Stikkløk
- Settepoteter
- Jordbærplanter
- Bringebærplanter
- Gjødsel til vanning og sprøyting
- Biologisk- og kjemisk plantevern
- Dyrkningssubstrater
- Duk- og dekkematerialer
- Emballasje
- Potter og brett
- Diverse produksjonstilbehør

NORGRO

Avd. Hamar: Sælidvegen 44, 2322 Ridabu
Avd. Lier: Fruktveien 9, 3402 Lier
Tlf: 32 22 85 50
e-post: norgro@norgro.no

Vet du hva du sprer på jordet?

Hvor mye **NPK** og **organisk stoff** inneholder en kubikk husdyrgjødsel?

Finnes det **tungmetaller** eller **uønskede bakterier** i gjødsla?

Bare en **gjødselanalyse** gir deg **kunnskapen du trenger**!

Spør etter **gratis emballasje** hos din rådgiver.

Send inn en gjødselprøve i dag!

eurofins | Agro

jord@eurofins.no
www.eurofins.no
tlf. 915 82 561

LIDENSKAP FOR TALL

Vår lidenskap for tall vil gi deg bedre resultater
Vis oss din lidenskap - få enda bedre resultater!

Sørstrandsvegen 6, tlf; 57 86 86 00
6823 Sandane
Accountor.no

accountor™

Norgesfôr - ditt lokale valg!

Vi har fagkompetansen og produktene innen:

- **gjødsel**
- **såkorn**
- **plantevern**
- **kalk**
- **ensilering**

Med vår service, kvalitet og kompetanse hjelper vi deg å nå målene i din planteproduksjon!

BESTILLING:
Ta kontakt med din lokale forhandler.
Se **www.norgesfor.no**

For komplett oversikt over sortiment og sortsomtaler se **www.plantekultur.no**

Alltid der for deg

NORGESFÔR

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON B

NOREG P. P. posten

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA
Org.nr. NO 917 158 134 MVA
Besøksadr. Krånavegen 5, 6823 Sandane
Postadr. Pb. 197, 6822 Sandane
Sentralbord: 982 45 838
E-post: vest@nlr.no
Nettside: vest.nlr.no

Norsk Landbruksrådgiving Vest

vest.nlr.no